



Lindås Skyttarlag v/ Eivind Børilden  
Øksnesvegn 76  
5943 AUSTRHEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1671 - 18/27616

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

13.09.2018

## Svar på skriv vedkomande avløpsanlegg - gbnr 104/60 Haukås

Kommunen viser til dykkar førespurnad som gjeld etablering av avløpsanlegg med tett tank ved Lindås Skyttarlag sitt anlegg på Haukås skytebane. Vi seier oss lei for sein tilbakemelding i saka.

Avløpsanlegg med tett tank vert ikkje godkjend i Lindås kommune. Grunngevinga for kommunen sin praksis er i hovudsak knytt til driftsmessige og økonomiske forhold ved bruk av tett tank og forureiningsmessige forhold som følgje av misleghald av desse.

Det er etablert nokre avløpsanlegg i kommunen med tett tank. Dette er i hovudsak eldre anlegg. Kommunen sin praksis i dag er innskjerpa og det er berre opna for bruk av tett tank på gitte vilkår og når særskilde grunnar gjer seg gjeldande.

Etablering av nye utslepp, auka utslepp og rehabilitering av avløpsanlegg er søknadspliktig. Søknaden vert vurdert ut frå reinsekkrav fastsett i forureiningsforskrifta, stadeigne forhold og brukarinteresser i området. Bruk av tett tank som permanent løysing for sanitært avløpsvatn vil ikkje bli godkjend. Kommunen kan heller ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar for bruk av tett tank i dette tilfellet.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Teknisk drift

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Mottakarar:**

Lindås Skyttarlag v/ Eivind Børilden Øksnesvegn 76 5943

AUSTRHEIM